

# MASTEROPPGÅVE

Mastergrad i:

Samhandling innan helse- og sosialtenester

## Kapasitet til førebygging ?

-ein refleksjon over heimetenestene sin kapasitet til å drive førebyggjande arbeid til eldre kreftpasientar.

Kristin Vassbotn Guldhav

Mai 2015

**MASTER I SAMHANDLING INNAN HELSE- OG SOSIALTENESTER**

**MASTEROPPGÅVE (30 studiepoeng)**

---

**SEMESTER:**

Vår 2015

---

**FORFATTER/MASTERKANDIDAT:** Kristin Vassbotn Guldhav

**RETTLEIAR/AR:** Ellen Karine Grov/Randi Jepsen

---

**TITTEL PÅ MASTEROPPGÅVA:**

**Norsk tittel:** Kapasitet til førebygging ?

- ein refleksjon over heimetenestene sin kapasitet til å drive førebyggjande arbeid til eldre kreftpasientar

**Engelsk tittel:** Capacity to prevention ?

- a reflection of Home Health Care services" to carry out preventative work to Older Cancer Patients.

---

**EMNEORD/STIKKORD:**

Samhandlingsreformen, førebygging, eldre kreftpasientar, heimetenestene, informasjon, rådgjeving

---

**TAL ORD/SIDER:** 4971

STAD Førde

22 mai 2015

Boks 133, 6851 SOGNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00 – post@hisf.no – www.hisf.no

Masteroppgåve i:

Samhandling innan helse- og sosialtenester

Tittel:

***Kapasitet til førebygging ?***

***- ein refleksjon over heimetenestene sin kapasitet til å drive førebyggjande arbeid til eldre kreftpasientar***

Engelsk tittel:

***Capacity for prevention ?***

***- a reflection of Home Health Care services' capacity to carry out preventative work to Older Cancer Patients***

Forfattar:

Kristin Vassbotn Guldhav

Emnekode og emnenamn:

MS1-306

Kandidatnummer:

5

Publisering i institusjonelt arkiv, HiSF Biblioteket (set kryss):

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

JA\_x\_      Nei\_\_

Dato for innlevering:

22.05.2015

Eventuell prosjekttilknytning ved HiSF

Emneord (minst fire):

**Samhandlingsreformen, førebygging, eldre kreftpasientar, heimetenestene, informasjon, rådgjeving**

## Samandrag:

**Bakgrunn:** På grunn av den venta demografiske utviklinga med fleire eldre og høgare levealder, vil talet på eldre kreftpasientar stige dei neste 10-15 åra. Betre diagnostikk og behandling vil føre til at fleire overlever eller lever med kreft som ein kronisk sjukdom over fleire år. Både alderssvekkingar og komorbiditet kan forverre kreftforløpet til den kreftsjuke. Tidlege førebyggjande tiltak for å forhindre eller bremse utvikling av funksjonsfall og andre symptom er viktig, både med tanke på gjennomføring av behandling og for å oppretthalde god livskvalitet. Samhandlingsreforma blei sett i verk i 2012 og har lagt føringar på kommunane til å byggje opp nye og betre helse- og omsorgstenester. Førebyggjande arbeid er ei av samhandlingsreforma sine viktigaste grep.

**Hensikta:** Denne masteroppgåva er todelt. 1) Den første delen er ei refleksjonsoppgåve, der eg gjennom nyare litteratur vil undersøkje kva kapasitet heimetenestene har til å tilby førebyggjande arbeid til eldre kreftpasientar etter innføringa av samhandlingsreforma. Den andre delen er retta til ei spørjeundersøking av 174 eldre heimebuande kreftpasientar over 65 år. Målet var å undersøkje kva grad av tilbod pasientane hadde fått til informasjon og rådgjeving frå heimetenestene. **Metode:** 1) Litteratursøk og utveljing av relevant forskning 2) Spørjeskjemaundersøking, der data er blitt analysert i SPSS, versjon 22. **Resultat:** Litteraturen viste at ulike faktorar på individ-, organisasjons- og samfunnsnivå påverkar kapasiteten til heimetenestene for å drive førebyggjande arbeid. 2) Spørjeundersøkinga viste at mellom 67-77% av deltakarane rapporterte om liten grad av tilbod til bistand til informasjon og rådgjeving.

## Summary:

**Background:** Due to the expected demographic progression with more elderly and higher life expectancy, the number of old cancer patients will increase the next 10-15 years. Better diagnosis and treatment will result in a higher number of these, surviving and living with cancer as a chronic illness for a number of years. Both ageing and comorbidity can worsen the process of the cancer stricken. Early preventative measures to prevent or slow the loss of functionality is important, with regard to both treatment and maintaining a good quality of life. The Coordination Reform was implemented in January the 1. 2012 and has staked a path for municipalities to build up new and better health and care services. Preventative work is one of The Coordination Reform's most important actions. **Purpose:** There are 2 parts to this Thesis. 1) The first part is a reflection paper in which I, through newer literature, will investigate what capacity home health care services have to offer preventative work/care to the old cancer patients after the implementation of The

Coordination Reform. 2) The second part is addressed to a survey of 174 old cancer patients above 65 years of age, living at home. The aim was to determine to what extent the patients had been offered access to information and advice from home health care services. **Method:** 1) Literature and selection of relevant research. 2) Questionnaire, where data is analysed in SPSS, version 22. **Result:** 1) The literature showed that various factors, on an individual, organisational and community level affect the capacity of home health care services to carry out preventative work 2) In the survey, between 67-77% of the participants reported that they had received poor level of support in the form of information and advice.

## **Forord:**

For knappe tre år sidan gjekk eg med spente skritt inn døra til første samling av den nyoppretta masterutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Lite ante eg om kva åra som masterstudent ville bringe med seg. I dag kan eg med handa på hjartet seie at denne utdanninga ville eg ikkje vore utan. Det har gjeve meg utvida forståing av kva kunnskap er, korleis kunnskap blir til og kva kunnskap kan utrette. Gjennom arbeidet med masteroppgåva har eg fått meir kjennskap til kva forskning inneber. Tal og tabellar har etterkvart gjeve meining, og det har vore lærerikt å følgje prosessen med innsamling av data til ferdig oppgåve. Det har vore ei slitsam tid, med ein del tunge tak på vegen. Ville eg kome i mål ? Målstreken blir i dag passert, og eg er skikkeleg stolt !

Som kreftsjukepleiar var det ein ære å bli spurt om å delta i i eit større forskingsprosjekt omhandlande eige fagfelt. Takk til Kreftforeninga for økonomisk støtte til prosjektet: Eldre kreftpasienters tilgang til og bruk av helse-og omsorgstjenester- implikasjoner for tjenesteutforming, prosjektnummer: 59083001.

Mange flotte folk har hjelpt meg på vegen. Eg vil først takke deltakarane i studien, som brukte av si dyrbare tid til å svare på spørjeskjema. Takk også til alle kollegaer både på Vestlandet og Østlandet for hjelp til rekrutering av deltakarar. Ei spesiell takk til sjukepleiar Audhild ved Kirurgisk poliklinikk i Førde som la ein ekstra innsats i å dele ut skjema.

Mine fantastiske dyktige rettleiarar kan ikkje takkast nok. Hovudrettleiar Ellen Karine Grov har gjeve meg kloke og gode råd på vegen, natt som dag. Alt eg har lært av deg ! Birettleiar Randi Jepsen har kome med nødvendige og smarte grep innimellom. Takk for gode ord og inspirasjon begge to ! Takk og til min eigen arbeidsplass som har vore positive til prosjektet frå første dag.

Til slutt må eg takke min kjære mann for støtte i mitt soloprojekt. Takk for at du har gjeve meg denne moglegheita. No skal heimen prioriterast. Til mine gullskattar Vilma og Ludvik, no er mamma ferdig med leksa og klar for å leike. Eg håpar de ein gong blir inspirert og forstår kvifor eg har brukt så mykje tid framfor datamaskina.

No ser eg fram til å vende tilbake til jobb og bruke den nye kunnskapen min, forhåpentlegvis til beste for mine pasientar og kollegaer.

Førde 22.05.15

# Innholdsliste

1 Innleiing .....	1
1.1 Føremål med oppgåva .....	2
1.2 Bakgrunn for problemstilling .....	2
1.3 Problemstilling .....	3
1.4 Strukturering i oppgåva .....	3
1.5 Heimetenester .....	4
2 Bakgrunn .....	5
2.1 Bakgrunn for samhandlingsreforma .....	5
2.2 Realisering av samhandlingsreforma .....	5
3 Teoretisk rammeverk .....	6
3.1 Førebyggjande arbeid .....	6
3.2 Førebyggjande arbeid til kreftpasientar .....	6
3.3 Kapasitet og kapasitetsbygging .....	7
4 Metode .....	9
4.1 Søk og utval av litteratur .....	9
5 Resultat .....	10
6 Diskusjon .....	11
6.1 Den samfunnsfaktorelle kapasitet .....	11
6.1.1 Politikk .....	11
6.2 Den organisatorisk kapasitet i heimetenestene .....	13
6.2.1 Mindre tid til heilskapleg omsorg .....	13
6.2.2 Samarbeid med spesialisthelsetenesta .....	14
6.3 Den individuelle kapasitet i heimetenesta .....	15
6.3.1 Fagkompetanse .....	15
6.4 Haldning og verdiar .....	16
6.5 Validitet og reliabilitet .....	17
7 Oppsummering .....	18
Litteraturliste .....	19

**Vedlegg:**

1. Artikkel
2. Forfatterrettleiing for tidsskrift
3. Litteraturmatrise
4. Godkjenning-REK
5. Godkjenning - personvernombod Helse Førde
6. Informasjon om prosjekte



# 1 Innleiing

I 2013 fekk 30401 ei kreftdiagnose i Norge. Av desse var det 60 % som var over 65 år (Cancer in Norway 2013, 2015, s. 9). Omsorg for den eldre kreftpasienten har mange dimensjonar og kan vere svært kompleks (Hurria et al., 2014, s. 83). I tillegg til at mange eldre har samsjukdomar (komorbiditet) (Sarfati et al., 2014, s. 8), gjev aukande alder minska motstandskraft mot ulike stressfaktorar som sjukdom og behandling kan medføre (Clegg, Young, Iliffe, Rikkert & Rockwood, 2013, s. 752). Førekost av slike svekkingar har vist å auke risiko for fall, påverke dagleglivet sine aktivitetar (ADL), føre til hyppigare hospitalisering og raskare død (Hurria et al., 2011, s. 3462; Jensen, Faul, Al-Refaie & Potosky, 2013, s. 355; Pal, Katheria & Hurria, 2010, s. 120). Omsorg for eldre kreftpasientar krev nøye vurdering og tett oppfølging gjennom heile kreftforløpet. I behandlingsfasa må biverknadar overvåkast nøye. Å halde ved lag den fysiske funksjonen er i tillegg vesentleg for gjennomføring av behandling og opplevd livskvalitet (Naeim, Aapro, Subbarao & Balducci, 2014, s. 2632). Eigenomsorg og meistring av sjukdom fordrar at pasientar har kunnskap om eigen sjukdom, behandling og funksjonssvikt. Helsepersonell på alle nivå bør dermed kjenne til pasienten sitt kreftforløp, vere informert om mål og konsekvensar for behandlinga og på det grunnlaget tilby individuelt tilpassa omsorgstenester (Kirkevold, Brodtkorb & Ranhoff, 2014; St.meld.nr.47(2008-2009), 2009, s. 48; Thompson & Chochinov, 2010, s. 93)

Talet på krefttilfeller blir antatt å stige i takt med at befolkninga blir eldre. Demografiske prognosar viser at den eldre befolkninga vil auke og den forventa levealderen vil stige dei neste ti-åra. I aukande grad ser ein at kreft blir sett på som ein kronisk sjukdom eller som ei diagnose med eit meir langsiktig kreftforløp på grunn av betre diagnostikk og behandling (Scott et al., 2013, s. 3). Bak tall om betre prognoser og langtidsoverleving, skjuler det seg ein del utfordringar. Kreftsjukdomen kan i seg sjølv gje plager, samtidig med at kreftbehandlinga ofte gjev negative helseeffektar (Hewitt, Greenfield & Stovall, 2005).

For å møte framtida sine helsemessige utfordringar, har både nasjonale og internasjonale myndigheiter lagt føringar for ei meir førebyggjande og helsefremjande helseteneste (Chatterji, Byles, Cutler, Seeman & Verdes, 2015, s. 573; Meld.St.nr.19 (2014-2015), 2015, s. 14). I Norge har det blitt auka fokus på førebyggjande arbeid gjennom innføringa av samhandlingsreforma «rett behandling – på rett sted – til rett tid». Reforma blei i sett i verk 1. januar 2012, og blir sett på som eit svar på framtidige demografiske og eksisterande utfordringar i helse- og omsorgstenesta. Målet med reforma er mellom anna å frigjere kapasitet i spesialisthelsetenesta, og overføre fleire oppgåver til

kommunane gjennom betre samhandling (St.meld.nr.47(2008-2009), 2009, s. 33). Forskyving av oppgåver har skapt bekymring, fordi rapportar før reformstart konstaterte at eldreomsorga i kommunane var sviktande og ressursane avgrensa. (Gautun & Hermansen, 2011; Sørbye, Grue & Vetvik, 2009). Vile kommunane ha kapasitet til å overta oppgåver, og til kva slags konsekvens ?

Denne masteroppgåva fokuserer på eldre heimebuande kreftpasientar og deira tilgang til helse- og omsorgstenester etter innføringa av samhandlingsreforma. Masteroppgåva er todelt. I artikkelen som er lagt ved (vedlegg 1) presenterer eg ei undersøking av eldre heimebuande kreftpasientar si vurdering av tilbod om bistand til informasjon og rådgjeving frå heimetenestene. Planen er å sende artikkelen til tidsskriftet **Supportive Care in Cancer**. Den andre delen som blir presentert her, er ei refleksjonsoppgåve som tar for seg heimetenestene sin kapasitet til førebyggjande arbeid til eldre kreftpasientar etter innføringa av samhandlingsreforma.

### **1.1 Føremål med oppgåva**

Masteroppgåva er ein del av eit større forskingsprosjekt der målet er å utvikle kunnskap om korleis helsetenesta kan nå fram med gode tenester for eldre med kreft. Hovudprosjektet sin tittel er «*Eldre kreftpasienters tilgang til og bruk av helse- og omsorgstjenester- implikasjoner for tjenesteutforming*». Som privilegert masterstudent, fekk eg anledning til sjølv å velje fritt kva problemområde eg ville fokusere på. Mitt val blei å analysere korleis eldre heimebuande kreftpasientar over 65 år har gradert kva tilbod heimetenestene har bistått med i forhold til informasjon om sjukdom og behandling, informasjon om konsekvensar og komplikasjonar av kreftsjukdommen og råd om ernæring og fysisk aktivitet.

Med tanke på dei strukturendringane samhandlingsreforma ber med seg, syntes eg at tema var svært interessant og aktuelt. Som kreftsjukepleiar i spesialisthelsetenesta erfarer eg at informasjon og rådgjeving er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet knytt opp mot det å meistre sjukdom og biverknader.

### **1.2 Bakgrunn for problemstilling**

Innføringa av samhandlingsreforma har skjedd gradvis og implementeringa pågår framleis for ein del område. Statistikk viser at liggedøgn på sjukehus er redusert og antall mottakarar av heimetenester har auka etter omorganiseringa. Ein svak oppgang i reinnleggingar til sjukehus er derimot registrert (Huseby et al., 2015). Etter innføringa av samhandlingsreforma er behovet for helsetenesteforskning auka, og forskning på helsetenester til kreftpasientar i kommunane er etterspurd (Helsedirektoratet, 2013). I undersøkinga mi av dei eldre kreftpasientane, kom det fram at fleirtalet av deltakarane (67-

77%) rapporterte om liten grad av tilbud til informasjon om sjukdom og behandling, informasjon om konsekvensar og komplikasjonar til kreftsjukdom og rådgjeving til ernæring og fysisk aktivitet frå heimeatenestene.

Ved å setje min studie av dei eldre si vurdering inn i ein større samanheng, ynskjer eg å sjå hovudfunna frå undersøkinga opp mot forskning knytt til samhandlingsreforma. Sidan eg i studien har undersøkt korleis eldre kreftpasientar vurderer grad av tilbud til ulik informasjons- og rådgjevingsbistand, er det interessant å reflektere over om innføringa av samhandlingsreforma på noko vis kan ha påverke dette tilbudet i kommunane. Eg ynskjer ved å studere aktuell forskning å sjå om det er mogeleg å finne eit mønster som speglar heimeatenestene sin kapasitet etter innføringa av samhandlingsreforma. I denne samanheng vel eg å knytte informasjon og rådgjeving til førebyggjande arbeid, sidan det er ei sentral føring i reforma. Oppgåva sitt fokus blir dermed avgrensa til å gjelde heimeatenestene sin kapasitet til å tilby førebyggjande arbeid til eldre kreftsjuke. Som part i ei samhandlande helseteneste, er det viktig å ha innsikt i kvardagen til dei eg skal samhandle med.

### **1.3 Problemstilling**

Den overordna problemstillinga er:

Kva viser nyare forskning om heimeatenestene sin kapasitet til å tilby førebyggjande tenester til eldre med kreft etter innføringa av samhandlingsreforma ?

Forskingsspørsmål:

Kva individuelle, organisatoriske eller samfunnsmessige faktorar kan indikere kapasiteten til heimeatenestene knytt til førebyggjande arbeid for eldre kreftpasientar?

### **1.4 Strukturering i oppgåva**

I kapittel 1.0 er tema og problemstilling presentert. Kapittel 2.0 beskriv kort samhandlingsreforma sin bakgrunn og intensjon. I kapittel 3.0 blir omgrepa kapasitet og førebygging forklart utifrå oppgåva sin kontekst. Kapittel 4.0 beskriv litteratursøk og utvelging av forskning. I kapitel 5.0 blir resultat frå litteratursøket beskrive. Kapitel 6.0 er diskusjonskapittel. Til slutt i kapitel 7.0 blir det gjort ei avsluttande oppsummering.

## **1.5 Heimetenester**

Heimetenester omfattar tilbod om heimesjukepleie, heimehjelp og andre helse- og sosialtenester som kommunen tilbyr heimebuande (Birkeland & Flovik, 2014). I denne oppgåva blir det referert til heimesjukepleie, heimehjelp og kreftkoordinator/kreftsjukepleiar når omgrepet heimeteneste blir nytta.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Bakgrunn for samhandlingsreforma

Opptakta til samhandlingsreforma var Wisløff-utvalet sin rapport, *Frå stykkevis til helt-en sammenhengende helsetjeneste*, som fann at det var manglande samhandling og koordinering mellom forvaltningsnivå. Dårlig informasjonsflyt, lite kontinuitet i tenestene og uklare ansvarsforhold førte til manglar og svikt i omsorga (NOU 2005:3, 2005, s. 16; Tingvoll, Kassah & Kassah, 2014). Både denne rapporten og andre analysar frå regjeringa førte til at samhandlingsreforma blei forma som ei retningsreform, der endring i den strukturelle oppbygginga skulle vere sentral. Utvikling av nye tenester i heile helsesektoren blei anbefalt frå regjeringa for å møte framtida sine behov. Oppgåvene skulle løysast innanfor beste effektive omsorgsnivå (BEON). Det var ingen krav for utforming av nye tenester, men fem grep for ei betre og meir heilskapleg helseteneste blei framsett. Desse var: Tydlegare pasientrolle, ny framtidig kommunerolle, etablering av økonomiske insentiv, utnytting av kompetansen til spesialisthelsetenesta og tydlegare prioriteringar. Førebyggjande arbeid, med både kortsiktige og langsiktige strategiar blei framheva som eit av dei store prioriterte områda i reforma. Kommunane blei derfor ved reformstart anbefalt å forankre dette arbeidet i alle kommunale planar (St.meld.nr.47(2008-2009), 2009, s. 83).

### 2.2 Realisering av samhandlingsreforma

Realiseringa av samhandlingsreforma byggjer på eit breitt sett av verkemiddel, der økonomiske insentiv og formelle samarbeidsavtalar mellom kommune og helseføretak er sentrale. Kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta og døgnmulkt for utskrivingsklare pasientar har skapt eit press på kommunane for å utvikle og tilby tenester som fører til unødvendig bruk av spesialisthelsetenesta. Oppretting av intermediære sengeplassar og kommunale akutt døgnplassar (KAD) i kommunane, er også ledd i omorganiseringa .

## 3 Teoretisk rammeverk

### 3.1 Førebyggjande arbeid


Førebyggjande arbeid er eit av sjukepleiarane sitt grunnleggjande ansvarsområde (Norsk Sykepleierforbund, 2007). I denne oppgåva nyttar eg sosialmedisinar Mæland sin definisjon av omgrepet. Han inkluderer omgrepa helsefremming og sjukdomsførebygging i si forståing av førebyggjande arbeid. Den helsefremmande strategien er lansert som motstykket til sjukdomsførebygging, likevel ser Mæland (2005) dei som komplementære. Helsefremmande arbeid er definert som «prosessen som setter den enkelte så vel som fellesskapet i stand til økt kontroll over forhold som virker inn på helsen, og derigjennom bedre sin egen helse» (Mæland, 2005, s. 16). Aspekt som kontroll og mestring, betring av funksjon, vekst og velvære, sosial tilknytning og identitet er knytt til helsefremming. Mæland (2005) deler sjukdomsførebygging i tre område. Primær-sjukdomsførebygging skal forhindre eller utsetje sjukdomsforløp eller skade. Sekundærførebygging skal hindre at sjukdom på ny oppstår eller utviklar seg. Tertiærførebygging er å redusere funksjonsfall og livskvalitet forårsaka av sjukdom. Sjukepleiaren sine oppgåver kan omfatte førebyggjande tiltak innanfor alle kategoriane, då same pasient kan ha nytte av både primær-, sekundær- og tertiærførebyggjande tiltak. Kartlegging av funksjon, informasjon om sjukdom og behandling, råd om bruk og biverknader av medisinar, tilpassing av bustad og supplering av mangelfulle ressursar er blant vanlege førebyggjande tiltak for eldre (Kirkevold et al., 2014).

### 3.2 Førebyggjande arbeid til kreftpasientar

I ulike nasjonale føringar finn ein retning for førebyggjande arbeid i ulike delar av kreftforløpet. I Nasjonal kreftstrategi 2013-2017, *Sammen- mot kreft*, vektlegg ein tiltak for maksimal mestring og minimal avhengigheit, uavhengig av forventet levetid (Helse- og omsorgsdepartementet, 2013). I *Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorg* legg ein vekt på viktigheita av kartlegging av fysisk funksjon og ernæringscreening for tidleg å kunne førebyggje funksjonsfall og underernæring (Helsedirektoratet, 2015a). I rapporten, *å skape liv til dagene* blir det vektlagt at lindrande behandling bør bli tilbydd tidligare og parallelt med behandling av kreftsjukdom (Helsedirektoratet, 2015c). Grad av symptom og reduksjon av fysisk funksjon og fungering i dagleglivet vil variere for den enkelte kreftpasient. Ei gradvis svekking av funksjonsnivå vil likevel vanlegvis oppstå når nye og auka symptom kjem til. Figur 1 viser eit kontinuum av funksjonsfall i kreftforløpet (Gro, 2014, s. 46). Effekt av fysisk aktivitet til kreftpasientar er godt dokumentert, og viser særleg positiv effekt for fysisk funksjon, fatigue, psykisk velvære, søvn og livskvalitet (Gulde, Oldervoll & Martin, 2011, s. 296;

McMillan & Newhouse, 2011, s. 901). Studiar kring effekt av ernæringsstøtte til svekka eldre og til kreftpasientar med avansert sjukdom er mangelfulle (Balstad, Solheim, Strasser, Kaasa & Bye, 2014, s. 211; Clegg et al., 2013, s. 758). Det er derimot ei felles oppfatning om at tidleg intervensjon med screening og ernæringsstøtte kan og må til for å unngå eller bremse underernæring for pasientar i ernæringsmessig risiko (Balstad et al., 2014, s. 211; Fearon et al., 2011, s. 493).

**Figur 1. Eit kreftforløp**



Grov EK. [The cancer trajectory – a model of phases.](#) *Vård i Norden*, 2014, 34(1):46-47

### 3.3 Kapasitet og kapasitetsbygging

Kapasitet er eit komplekst omgrep, som manglar ein konsis definisjon (Holthe, 2011). Omgrepet er gjerne nytta for å beskrive dei ressursar (ferdigheiter, motivasjon, kunnskap og haldningar ) som ligg til grunn for om ei handling eller oppgåve blir løyst. Nærliggjande omgrep som er blitt samanlikna er kompetanse og beredskap (Flaspohler, Duffy, Wandersman, Stillman & Maras, 2008, s. 182).

Flaspohler et al. (2008) utvikla ein modell for å forstå kapasitetsomgrepet knytt opp til implementering av innovative prosessar. Implementering betyr å setje ein intervensjon eller politisk vedtak ut i praktisk handling (Durlak & DuPre, 2008, s. 329). Sjølve kapasitetskonseptet kan delast inn i nivå. På individnivå blir kapasitet sett på som utøvarane si oppfatning, kunnskap og ferdigheiter til eigne mogelegheiter. På organisasjonsnivå kan kapasitet dreie seg om organisasjonen sin kultur, leiing, struktur, økonomiske og tekniske ressursar, verdiar og ekstern samhandling (Flaspohler et al., 2008, s. 183). Kapasitet sett frå eit samfunnsperspektiv er på mange måtar overlappende med karakteristikken til organisatorisk kapasitet. Eit viktig element er likevel oppfatninga til koalisjonen i

samfunnet, som kan påverke kapasiteten både på organisasjons- og individnivå gjennom politikk og vedtekter. Kapasitetsbygging er tiltak for å møte nye krav og utfordringar ved implementering av intervensjonar. Utvikling av kapasitet er nødvendig både på individ-, organisatorisk- og samfunnsnivå, og bør kartleggjast og utviklast både før og under implementeringa for best å lukkast med prosessen (Holthe, 2011).



## 4 Metode

### 4.1 Søk og utval av litteratur


Gjennom litteratursøk i løpet av prosessen med masterstudiet fant eg lite litteratur spesifikt knytt til eldre kreftpasientar. Eg har derfor også hatt nytte av å lese litteratur som meir generelt har vore knytt til eldre som gruppe og forskning relatert til kreft. For å svare på problemstillinga kring førebygging knytt til samhandlingsreforma blei ulike søkeord kombinert.

Det blei søkt i biblioteket si eiga database Oria, Idunn, svemed +, pubmed, Academic Search Premier, Helsebiblioteket, Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenester (Kunnskapssenteret). Søkjeorda samhandlingsreforma, hjemmetjenester, hjemmesykepleie, kreft, eldre, samhandling og førebygging, The Coordination Reform, Health Care Reform og Norwegian blei på ulikt vis kombinert. Søkedato blei sett frå 2012, sidan det var erfaringar etter innføringa av samhandlingsreforma som var sentralt. Referansar i bøker, artiklar og avhandlingar blei i tillegg vurdert. Helsedirektoratet og KS sine sider blei fortløpande undersøkt, med tanke på nye rapportar og retningslinjer. Eit søk på Forskringsrådet sine sider, syner at det er fleire pågåande forskingsprosjekt i Norge knytt til samhandlingsreforma.

## 5 Resultat

Etter gjennomgang av litteratur, var 12 aktuelle forskingsrapportar/artiklar relevant for problemstillinga. Ingen omhandla spesifikt kreftpasientar. Figur 2. viser dei databasane som gav relevante treff. I vedlegg 3 blir studia presentert i ein matrise.

Figur 2.



## 6 Diskusjon

Gjennom Mæland (2005) sin definisjon på førebyggjande arbeid og gjennom dei nasjonale handlingsprogramma og strategiar for kreftomsorg (Helse- og omsorgsdepartementet, 2013; Helsedirektoratet, 2015a, 2015c), finn ein heilt klart føringar til å drive førebygging gjennom heile kreftforløpet. Føringane er anbefalingar for at pasienten skal få eit så godt liv som mogeleg trass alvorleg sjukdom. Samhandlingsreforma er retninga for korleis og kor desse anbefalinga skal utøvast sett frå myndigheitene si side.

Eg vil i denne delen forsøkje å plassere kunnskap frå dei 12 relevante forskingsstudia inn i dei tre forskjellige nivåa av kapasitetsomgrepet som nemnt i kapittel 3.0. Dette for å sjå om det finst tendens til mønster som kan gje svar på problemstillinga. Der det er naturleg, knyter eg inn funn frå undersøkinga om kva grad av tilbod pasientane hadde fått til informasjon og rådgjeving frå heimetenestene. I diskusjonen nyttar eg og anna type forskning som støttelitteratur.

### 6.1 Den samfunnsfaktorelle kapasitet

#### 6.1.1 Politikk

Eg vil starte med den samfunnsfaktorelle kapasiteten, fordi dette nivået påverkar utvikling av både den individuelle og organisatoriske kapasiteten. I åra før samhandlingsreforma blei sett i verk, blei det satsa på kapasitetsbygging for at kommunane skulle vere godt budde på strukturendringa (Prop.nr.1.(2007-2008), 2008, s. 5). Gjennom *Omsorgsplan 2015* fekk kommunane mogelegheit til å styrkje og utvikle sin generelle kapasitet med tanke på framtidige oppgåver. Kommuneøkonomien blei forsterka for å auke talet på nye årsverk og *Kompetanseløftet 2015*, regjeringa sin kompetanse- og rekrutteringsplan for den kommunale helse- og omsorgstenesta, skulle med tilskot bidra til utdanning av personell (St.meld.nr.25(2005-2006), 2006, s. 16). Ein rapport har nyleg konkludert med at kommunane har auka tall av kvalifisert personell og årsverk etter 2012 (Huseby et al., 2015).

Politisk er førebyggjande arbeid solid forankra i føringane som ligg i samhandlingsreforma (St.meld.nr.47(2008-2009), 2009, s. 83). I juni 2011 blei det vedtatt nytt lovverk som oppfølging av samhandlingsreforma. I Helse - og omsorgstjenestelova § 6-1 pliktar kommunar og helseføretak å inngå samarbeidsavtalar, deriblant om førebygging (Helse- og omsorgstjenesteloven, 2011). I folkehelselova blir folkehelsearbeid pålagt kommunane innan dei område og virke som kommunen er tillagt (Folkehelseloven, 2011). Kommunane har på si side fått det lokale ansvaret å tilpasse politikken inn i kommunen sitt planarbeid og budsjett. Kapasiteten innanfor førebyggjande arbeid i kommunane vil derfor variere, utifrå faktorar som mellom anna størrelse på kommunen, politisk

retning, kompetanse, kultur og økonomi. Samtidig er kommunane sitt handlingsrom styrt av reforma sine økonomiske insentiv og resultatmål (Romøren, 2011, s. 85). Dette kjem mellom anna fram i ein studie av Helgesen et al. (2014) der representantar frå 12 kommunar og fylkeskommune formidla at motivet for å drive førebyggjande arbeid mellom anna var motivert av lovpålagte endringar kring reforma, og at det ikkje alltid passa med prioriteringar elles i kommunen. Schou, Helgesen og Hofstad (2014) undersøkte i ein annan studie 309 kommunar for å kartleggje status av det helsefremmande og sjukdomsførebyggjande arbeid etter samhandlingsreforma. Hos 88% av respondentane var det ei oppfatning av at fokuset på førebyggjande arbeid var auka etter implementeringa av reforma. I 99 (38%) kommunar blei førebygging på kort sikt prioritert framfor lang. Her kan ein spekulere i om ordninga med medfinansiering har spela ei rolle, men det seier analysen ingen ting om. Den seier heller ingen ting om satsinga har lukkast.

I dei fleste kommunar er det oppretta bestillar-utførar-modell (BUM)<sup>1</sup> som gjer vedtak for kva tenester pasientane har rett på. Prioriteringar og tilbod om tenester skal vere gjort på grunnlag av lov i forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene (Kvalitetsforskrift for pleie- og omsorgstjenestene, 2003). Ei undersøking har vist at BUM i liten grad gjev økonomisk insentiv til å drive med førebyggjande arbeid (Williksen et al., 2012). Dette har i forskinga til Schou et al. (2014) og Kassah, Tønnessen og Tingvoll (2014) blitt forklart med at den auka satsinga på førebyggjande arbeid ikkje får økonomisk stønad frå staten. I sistnemnde studie blir det framheva at kommunane i si prioritering, heller satsar på intermedieære plassar og anna type kompetanseheving. Grimsmo (2013, s. 155) fant same tendens om bruk av korttidsplassar, og ser ein dominoeffekt som mogeleg resultat. Svekka eldre som bur heime og ventar på sjukeheimplass blir nedprioritert og tar dermed opp kapasitet i heimetenestene. Dette fører til at andre nødvendige oppgåver må utsetjast. Intensjonen med reforma verkar då mot si hensikt, ved at førebyggjande tiltak blir prioritert vekk og reinnleggingar på sjukehus kan bli resultatet. Ser ein resultatata frå studien om kva grad av tilbod pasientane hadde fått til informasjon og rådgjeving frå heimetenestene, i lys av den samfunnsfaktorelle kapasitet, kan prioriteringar tatt i kommuneleiing påverke tilbod om bistand til informasjon og rådgjeving.

---

<sup>1</sup> Bestiller-utførar-modellen(BUM) er ein modell der det er eit skilje mellom kommunen sine forvaltningsoppgåver og kommunen sin tjenesteproduksjon. Bestiller tildeler oppgåver ut frå lovverk, retningslinjer og rammeverk, medan utførar gjev tenestene til mottakar.

## 6.2 Den organisatorisk kapasitet i heimetenestene

### 6.2.1 Mindre tid til heilskapleg omsorg

Den organisatoriske kapasiteten kring eldreomsorg, var før reforma rapportert å vere nedprioritert i heimetenestene, til fordel for nye yngre brukargrupper (Gautun, Grødem & Hermansen, 2012; Hamran & Moe, 2012). Forsking synte at kommunane ikkje greidde å yte forsvarlege tenester på grunn av manglande ressursar (Tønnessen, 2011). I ein KS-rapport blei det gjort intervju med 130 tilsette i ulike stillingar frå 12 kommunar om opplevde endringar etter reformstart. Mange av informantane opplevde at heimetenestene hadde blitt mindre heilskapleg. Oppgåvene var blitt meir medisinsk retta og det psykososiale tilbodet blei nedprioritert (Abelsen, Gaski, Nødland & Stephansen, 2014). Dette samsvarar med Gautun og Syse (2013) sin rapport, som fann at 44% av heimesjukepleiarane meinte at eldre har fått redusert tilbod etter reforma. Meir administrative oppgåver og fleire arbeidsoppgåver, gav mindre tid til den enkelte og omsorgsoppgåver og psykisk støtte blei nedprioritert.

I Øyen et al. (2015) sin studie frå heimetenesta i Sogn og Fjordane, svarte 34% at dei hadde merka endringar i arbeidspress etter reforma og halvparten rapporterte at det var svært stort/stort behov for fleire tilsette. Oppgåveprioritering hadde blitt viktigare og 60% meinte at det å leggje til rette for ernæring og vektmåling til eldre var eit av dei prioriterte områda. Under halvparten (42%) prioriterte fysisk aktivitet, medan eit mindretal på 10% ikkje prioriterte denne tenesta i det heile. Det kjem derimot ikkje fram i undersøkinga om desse prioriteringane var knytt til visse typar diagnosar eller andre forhold. I motsetning til Øyen et al. (2015) sin studie, opplyste deltakarane frå studien til Gautun og Bratt (2014) at ernæring og andre omsorgsoppgåver blei mindre godt ivaretatt. Over halvparten av dei spurte opplevde å ha for knapp tid til å følgje med på behovsutvikling, noko som førte til at nødvendige tiltak ikkje blei i starta. Både i studien til Sæterstrand, Holm og Brinchmann (2015, s. 11) og studien til Moe og Hamran (2014, s. 50) var tidspress blant sjukepleiarane årsak til nedprioriteringar. Eit sentralt funn i studien til Norheim og Thoresen (2015) var at sjukepleiarane opplevde å ikkje få brukt kompetansen sin, på grunn av tidspress og urasjonell arbeidsfordeling. Også i denne studien rapporterte sjukepleiarane at tid til førebygging og helsefremming blei nedprioritert. Eit anna problem var lite kontinuitet i arbeidet, då tiltak den enkelte sette i verk ikkje blei vidareført. Sjukepleiarane hevda dette kom av varierende kompetanse i den totale pleiegruppa. Både diskontinuitet og svak felleskompetanse innan eldreomsorga har blitt konstatert i kommunane i tidlegare forskning (Bing-Jonsson, Bjørk, Hofoss, Kirkevold & Foss, 2015, s. 60; Gjevjon, Eika, Romøren & Landmark, 2014, s. 554).

## 6.2.2 Samarbeid med spesialisthelsetenesta

I forhold til eldre kreftpasientar er det anbefalt å ha spesielt fokus på førebygging av underernæring og vedlikehald av ADL-funksjonar (Hurria et al., 2014, s. 100). Spesialisthelsetenesta har, jmfør § 6-3, rettleiingsplikt om alle helsemessige forhold som kommunehelsetenesta treng for å løyse sine oppgåver (Spesialisthelsetjenesteloven, 1999). Mangel på informasjon og rettleiing vil minske heimetenestene sin kapasitet til å drive førebyggjande arbeid. Det er derfor viktig at spesialisthelsetenesta deler kunnskap om førebyggjande tiltak. Dårlig informasjonsflyt blir ofte trekt fram som ei av dei viktigaste samhandlingsutfordringane, der mangel eller dårleg kvalitet på innhald er årsak (Naustdal & Nettelund, 2012, s. 274). Statistikkar syner at det dei siste åra har vore ein formidabel auke i den elektronisk meldingsutvekslinga mellom 1.- og 2.-linjetenesta. Dei fleste aktørane i helse- og omsorgstenestene er no kopla til helsenettet, noko som er i tråd med samhandlingsreforma sine mål for IKT-utvikling (Huseby et al., 2015).

I rapporten til Gautun og Syse (2013) melder 40% av sjukepleiarane om at samarbeidet med sjukehuset er bra, medan 24% synest det er blitt dårlegare. Mangel på informasjon er hovudgrunn for misnøya. Det må takast i betraktning at dette er den tidlegaste studien etter reformstart og at deltakarane i denne studien i dag kanskje hadde evaluert det annleis på grunn av utviklinga innan elektronisk samhandling. I studien til Øyen et al. (2015) var kun 12% frå heimetenestene misnøgde med informasjonsutvekslinga ved innlegging. Derimot rapporterte 48% at dei ikkje fekk den informasjonen dei trengde frå pasientar som var til poliklinisk behandling. For eldre kreftpasientar som får poliklinisk behandling i form av cytostatika er viktigheita av å observere biverknader stor (Naeim et al., 2014, s. 2632). Hurria et al. (2011, s. 3460) undersøkte biverknader ved cellegift hos 500 kreftpasientar over 65 år. I alt 53% hadde minst ein alvorleg biverknad i løpet av gjennomførte behandlingar, og 2% døde av komplikasjonar. Både den individuelle og organisatoriske kapasitet i heimetenestene kan truleg bli styrka av eit tettare samarbeid med poliklinikkane på sjukehusa. Sjukepleiarane i kommunen blir oppdaterte og informerte om tilstand og prognose, og får sjanse til å vere førebudd. For heimetenesta som organisasjon, gir slik informasjon rom for planlegging av ressursbruk. Uklare roller både hos pasientar og hjelparane er i følgje Jacobsen (2004) eitt av dei vanlegaste koordineringsproblema i samhandlinga. Det blir anten gjort dobbeltarbeid og ressursar blir sløst med, eller motsett, at ingen har eller tar ansvar, og det oppstår gråsoner. I Folkehelsemeldingen 2015 blir det oppfordra til å bruke samhandlingsavtalane på ein måte som betrar det førebyggjande arbeidet i kommunane (Meld.St.nr.19 (2014-2015), 2015, s. 136). Ei

utfordring er derimot at samarbeidsavtalane endå ikkje ser ut for å vere forankra på individnivå (Williksen, Bringedal, Snåre & Hall, 2014).

## **6.3 Den individuelle kapasitet i heimetenesta**

### **6.3.1 Fagkompetanse**

For den eldre kreftsjuke kjem ofte diagnosen på toppen av andre plager som både alderssvekking og eventuelt komorbiditet kan gje. I tillegg til at indekssjuksdomen kreft skal fylgjast, må det gjerast ei heilheitleg vurdering av andre symptom og plager (Dahl & Grov, 2014). Førebyggjande arbeid til eldre kreftpasientar krev dermed breiddekompetanse (Kirkevold et al., 2014). Hos nye pasientar og ved behov for revurdering gjer tilsette i heimetenestene ei IPLOS-registrering<sup>2</sup> i samarbeid med dei som søkjer og pasienten (Birkeland & Flovik, 2014). Det faglege skjønnet, som er ein del av den individuelle kapasiteten hos den som gjer vedtaket, vil kunne påverke tilbodet pasienten får (Øgar & Hovland, 2004).

I 6 av litteraturstudia til denne oppgåva var eigenkompetanse tema. I studien til Øyen et al. (2015) oppgav omkring halvparten av 152 tilsette, at dei hadde behov for meir kompetanse på helsefremmande og førebyggjande arbeid og geriatri. Kompetansen på kreft og lindrande behandling blei i denne studien vurdert som god av majoriteten, og fleire av dei tilsette rapporterte å ha spesialkompetanse på området. Moe og Hamran (2014, s. 50) fann i sin studie at fleire av sjukepleiarane var usikre på sin kompetanse i å gje råd og drive med enkel trening, og ynskte derfor meir kunnskap på området. I ein anna studie uttrykte sjukepleiarane samstemt at dei hadde tilstrekkeleg individuell kompetanse til å møte pasientane sine behov etter samhandlingsreforma, men at dei ønskte å friske opp kompetanse mellom anna innan geriatri (Norheim & Thoresen, 2015, s. 20).

I Gautun og Syse (2013) si store spørjeskjemaundersøking til 2372 sjukepleiarar i ulike kommunar rapportere fleirtalet av dei som jobba i heimesjukepleien, å ha svært/nokså bra kompetanse på kreft og palliasjon. I studien av 215 tillitsvalgte frå heimesjukepleie og sjukeheimar, meinte 86% at der var behov for fleire spesialsjukepleiarar innan mellom anna geriatri og palliasjon (Gautun & Bratt, 2014). Eg forstår funna frå dei nemnde undersøkingane slik at i to av seks studiar omhandlande kompetanse, meiner dei tilsette å ha ein god nok individuell kapasitet til kreftområdet. I to studiar

---

<sup>2</sup> Individbasert Pleie- og OmsorgStatistikk (IPLOS) er eit nasjonalt, standardisert verkty for å kartleggje funksjon og tenestebehov hos alle som søkjer eller mottek kommunale helse- og omsorgstenester (Birkeland & Flovik, 2014).

blir det antydning å mangle individuell kapasitet kring førebyggjande- og helsefremmande arbeid og geriatri. Som ei tolking kan det synast som dei tilsette differensierer mellom dei ulike fagfelta i sine tilbagemeldingar om eigenkompetanse, og ser fagområda kreft/palliasjon, geriatri og førebyggjande/helsefremmande sjukepleie som ulike delar, meir enn ein heilskap. Måten spørsmåla er stilt på i dei ulike undersøkingane kan derimot ha påverka denne framstillinga. Nyleg blei St.meld.nr.26, *Fremtidens primærhelsetjeneste-nærhet og helhet*, lagt fram. I denne blir det lagt vekt på at breddekompetansen i primærhelsetenesta må bli styrka og heilskapstanken må igjen bli dyrka etter at spesialisering har blitt satsa på i kommunane siste år (Meld.st.nr.26 (2014-2015), 2015, s. 124).

